

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 13.05.2016
Vår ref.: 2015/10280-19
Saksbehandlar: inehans
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Varsel om arkeologisk registrering - planarbeid ny veg Fv 555 Kolltveit - Austefjorden

Vi viser til varsla oppstart av reguleringsplan for ny fv 555 Kolltveit- Austefjorden, datert 08.10.15. I samband med planarbeidet er det naudsynt å gjennomføre arkeologisk registrering i planområdet med heimel i § 9 i kulturminnelova.

Varsla planområde dekker arealet vist på vedlagt kart, frå Kolltveit i Fjell kommune til Austefjorden i Sund kommune. Etter søk i matrikkelen framkjem dykkar namn og adresse som heimelshavar i del av arealet. Dette brevet er sendt alle grunneigarar innanfor planområdet, men ikkje alle vil verte direkte råka av våre undersøkingar. Vi ber om at grunneigar orienterer eventuelle andre brukarar av arealet innanfor planområdet.

Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune vil gjennomføre feltarbeid i planområdet i perioden 23.05.16-19.07.16. Undersøkingane vil føregå ved overflatesøk og prøvestikking med spade. Prøvestikka er vanlegvis om lag 40x40 cm, og blir fylt igjen innan feltarbeidet er avslutta.

Tiltakshavar, i dette tilfellet Fjell kommune, er erstatningspliktig for eventuelle avlingstap eller ulemper som følgje av undersøkingane.

Dersom ein har spørsmål eller merknader til ovannemnde, er ein velkommen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga v/Heidi Handeland, 55 23 91 72/48 18 95 25, Heidi.Handeland@hfk.no. For spørsmål vedrørande planarbeidet kan ein ta kontakt med Fjell kommune.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Ine Askevold Hansen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.